

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Hovudutval for samferdsel og mobilitet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 4 et, Fylkeshuset - Sandsli, Sandslihaugen 30, Bergen
<b>Dato:</b>	13.02.2020
<b>Tid:</b>	11:00-16:05

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer	
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Per Jarle Valvatne	Medlem	A	
Linda Monsen Merkesdal	Medlem	A	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Mona Høgli	Medlem	MDG	
Trude Brosvik	Medlem	KRF	
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H	Gjekk kl. 15.30
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Trym Helge Aafløy	Medlem	FNB	
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP	Gjekk kl. 15.30

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	
Gunnar Moland	Medlem	H	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP	
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP	

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer	
Samson Hamre	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	SP	
Gunn Karin Sande	Jenny Ellaug Følling	SP	
Gustav Bahun	Sigbjørn Framnes	FRP	Gjekk kl. 15.40
Kristin Mjanger	Gunnar Moland	H	

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør mobilitetseininga
Torill Klinker	Seksjonsleiar transportplan
Gunhild Beate Vangsnes	Seksjonsleiar planlegging og utbygging
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar forvaltning, utgreiing og geodata
Einar Kvam	Leiar stab
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

**Sakliste**

Utvalls-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U. Off
<b>Godkjenningssaker</b>			
GK 3/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15. januar 2020	2019/149	
<b>Referatsaker</b>			
RS 6/20	Trafikksikringstiltak i investeringsprogram fylkesvegar 2020	2019/101	
RS 7/20	Søknad om aktivitets- og driftsmidler til Trygg Trafikk Vestland i 2020	2019/101	
RS 8/20	Utgreiing båtsamband Bergen-Sotra	2020/290	
RS 9/20	Båtdrift i Sogn og Fjordane - status og framdriftsplan	2020/35690	
RS 10/20	Videre planprosess for E39 Stord-Os	2020/11116	
RS 11/20	Konsekvensar i Vestland av innstramming i Samferdselsdepartementet sine retningslinjer for bompengeprojekt	2020/34796	
RS 12/20	Invitasjon til innspelsmøte om Nasjonal transportplan 2022-33	2020/960	
RS 13/20	Frist for høyringsfråsegn til Nasjonal transportplan - Avslag på anmodning om utsett frist	2020/960	
<b>Skriftlege spørsmål</b>			
SI 9/20	Spørsmål fra Aafløy (FNB) - utredning av trafikksikringstiltak på Fv. 546 ved Stend vgs	2020/36708	
SI 10/20	Spørsmål frå Helle (A) - ras på fylkesvegane - beredskap	2020/203	
SI 11/20	Spørsmål fra Bjørkly (H) - autopass	2020/203	
SI 12/20	Spørsmål frå Merkesdal (A) - utvida tilbod på hurtigbåt	2020/203	
SI 13/20	Spørsmål frå Ekrheim (SP) - manglande korrespondanse Etne-Voss	2020/203	
<b>Politiske saker</b>			
PS 7/20	Søknad om ruteløyve for strekningar i Ullensvang kommune	2019/180	
PS 8/20	Fordeling av FTU-midler for 2020	2019/101	
PS 9/20	Nye retningslinjer for bompengeprojekt- Stadfesting av garantivedtak for Kvinnheradpakken og for ny Bømlopakke	2020/34796	
PS 10/20	Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum	2020/36722	
PS 11/20	Framlegg til skyssreglement for grunnskule og vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune	2020/37182	
PS 12/20	Oppfølging av regjeringa sitt bompengeforlik	2020/36709	
PS 13/20	Konsekvensar av å fjerne bom på sideveg for E39 Svegatjørn-Rådal og Rv555 Sotrasambandet - Uttale	2020/676	
PS 14/20	Overføring av kontraktsansvar for flyruter i Sør-Norge	2020/38279	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 3/20 Godkjenning innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet**

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

### **GK 4/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15. januar 2020**

**Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet**

Møteprotokoll frå møte 15. januar 2020 vart godkjend utan merknader.

## **Referatsaker**

### **RS 6/20 Trafikksikringstiltak i investeringsprogram fylkesvegar 2020**

RS 6/20 vart referert.

### **RS 7/20 Søknad om aktivitets- og driftsmidler til Trygg Trafikk Vestland i 2020**

RS 7/20 vart referert.

### **RS 8/20 Utgreiing båtsamband Bergen-Sotra**

RS 8/20 vart referert.

### **RS 9/20 Båtdrift i Sogn og Fjordane - status og framdriftsplan**

RS 9/20 vart referert.

### **RS 10/20 Videre planprosess for E39 Stord-Os**

RS 10/20 vart referert.

### **RS 11/20 Konsekvensar i Vestland av innstramming i Samferdselsdepartementet sine retningsliner for bompengeprojekt**

RS 11/20 vart referert.

### **RS 12/20 Invitasjon til innspelsmøte om Nasjonal transportplan 2022-33**

RS 12/20 vart referert.

### **RS 13/20 Frist for høyringsfråsegn til Nasjonal transportplan - Avlsag på anmodning om utsett frist**

RS 13/20 vart referert.

## Skriftlege spørsmål

### SI 9/20 Spørsmål fra Aafløy (FNB) - utredning av trafikksikringstiltak på Fv. 546 ved Stend vgs

Representant for Folkeaksjonen Nei til meir bompengar (FNB), Trym Aafløy, har sendt skriftleg spørsmål til møtet i SAMO 13. februar. Aafløy skriv:

Vestland fylke eier BÅDE Stend vgs og Fv 546. Oppsetting av autovern har ikke fått elevene til å slutte å krysse veien mellom skolebygningene på hver side av veien.

Er det i gangsatt utredning av trafikksikringstiltak på Fv. 546 ved Stend vgs. eller må vi miste en av våre elever i en dødsulykke før det kommer en gangbro ELLER en gangtunnel, evt. trafikklys her?"

#### Svar

Dei trafikale utfordringane ved Stend VGS er kjent også frå tidlegare. Det er difor utført fleire sikringstiltak her, som signalregulering av gangfelt og etablering av rekkverk for å samla kryssingane mot gangfeltet. I tillegg har rundkøyringa i Hordneskrysset ført til lågare fartsnivå forbi skulen. Per i dag ligg det ikkje føre nye, ferdig planlagde trafikksikringstiltak på denne strekninga, men det blir førebudd ei utgreiing som skal vurdere og gje tilråding om aktuelle tiltak, mellom anna knytt til situasjonen som Trym Aafløy viser til. Me vil her gje ei kort oppsummering av bakgrunn og status.

#### *Forslag frå Stend VGS om gangbru/sikker kryssing*

Stend VGS melde i januar 2019 inn framlegg om å etablere gangbru over fv. 546 Fanavegen. Bakgrunnen for framlegget var trafikktryggleik for elevane slik at ein får ei sikker gangkryssing som kryssar Fanavegen mellom skuleområdet på vestsida og hest/hund-avdeling/elevparkering på austsida.

I oppfølginga av førespurnaden vart det gjennomført ei felles synfaring med representantar for skulen, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. I etterkant av synfaringa har Stend VGS i april 2019 sendt inn notat med omtale av problemstillingane knytt til kryssing av Fanavegen.

Dagens tilrettelagte kryssingstilbod over Fanavegen er eit signalregulert gangfelt som ligg like nord for krysset med fv. 5166 Titlestadvegen. I den grad dette gangfeltet ikkje blir nytta, så opplyser Stend VGS at observert villkryssing er knytt til tre punkt:

- Området på sørsida av gangfeltet
- Den historiske hagen
- Posthuset

Stend VGS meiner at ei gangbru over Fanavegen i stor grad vil kunne kanalisere det meste av villkryssinga til brua. Skulen har gjort ei samanstilling av gangavstandar sett opp mot dagens situasjon med villkryssing - denne viser at gangbru i nokre høve vil gje kortare gangavstand, men også lengre gangavstandar alt etter kor målpunkta er.

Med grunnlag i notatet frå Stend VGS bad Hordaland fylkeskommune i april 2019 Statens vegvesen om ei utgreiing med fagleg vurdering av:

- ei gangbru, saman med eventuelle supplerande tiltak.
- andre aktuelle tiltak
- grov kostnadsrekning for mogelege alternativ

Det har ikkje vore tilstrekkelege tilgjengelege ressursar og framdrift i 2019, slik at dette utgreiingsarbeidet blir teke opp att no på nyåret.

### ***Vidare oppfølging og framdrift***

Som det går fram av Stend VGS sitt innspel så er det ein samansett situasjon på staden der ein høgt trafikkert hovudveg går tvers gjennom skuleområdet, med ulike målpunkt på begge sider over ei lengre strekning. Det er såleis viktig å få vurdert effekt av ulike tiltak; til dømes vurdere kva alternativ/tiltak som best vil fange opp fotgjengarstraumane og gje minst forventa "lekkasje" etter gjennomføring. I tillegg til å vurdere reine fysiske tiltak bør det også omtalast/vurderast moglege tiltak av meir organisatorisk karakter frå skulen si side (til dømes om dagens parkeringsløysing er tenleg mv.). Utgreiingsarbeidet vil ta for seg følgjande:

- Gjennomføre registreringar og observasjonar av m.a. kryssingsaktivitet, kryssingsmønster og fartsnivå som dokumentasjon på kryssingssituasjonen.
- Avklare aktuelle alternativ til plassering og krav til utforming av gangbru (fri høgde, universell utforming, bruksområde mv)
- Vurdere aktuelle supplerande tiltak i kombinasjon med gangbru
- Vurdere aktuelle alternative løysingar til ei gangbru
- Vurdere effekt og forventa måloppnåing for ulike alternativ
- Grov kostnadsrekning av vurderte alternativ
- Oppsummering og samla tilråding

Fylkesdirektøren tar sikte på å orientere SAMO om resultatet av utgreiinga over sommaren 2020. Eventuell prioritering av tiltak vil bli vurdert i samband med utarbeiding av budsjett.

### **SI 10/20 Spørsmål frå Helle (A) - ras på fylkesvegane - beredskap**

Arve Helle (A) har i e-post av 15. januar 2020 sett fram følgjande spørsmål:

«Eg ønskjer å stille følgjande spørsmål til møte i hovudutval for samferdsle og mobilitet, 15.01.:

Siste tida har vi opplevd ras på fylkesvegane, både mellom Feios og Fresvik i Vik kommune og i Osa i Ulvik kommune. Dette har mest av alt store store konsekvensar for dei involverte med isolerte bygder og ein utrygg kvardag, men vil naturleg nok også å ha økonomiske og praktiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Korleis meiner fylkesrådmannen beredskapen har fungert når eit ras har isolert ei bygd, som til dømes ved raset i Osa?

Kva er status for desse vegane no og har ein oversikt over dei økonomiske konsekvensane?»

#### **Skred mellom Feios og Fresvik i Vik kommune**

Det gjekk eit skred på fv. 5602 Vangsnes - Fresvik ved Juvik 29.12.2019. Vegen vart opna med midlertidig løysing 2.1.2020.

Same natt gjekk det og eit skred over eit skredoverbygg Jarva 1. Det kom ned lausmassar som måtte fjernast. Det måtte sprengast for å få vatn til å renne til eksisterande kumme og ein voll måtte plastrast.

#### **Beredskap**

Fylkeskommunen vart varsla straks etter hendinga. Vi hadde fokus på å opne vegen og informasjon som skulle ut til folket, og det var kontakt med ordføreren i Vik kommune og fylkesberedskapssjefen. Kommunen etablerte båtrute mellom Vik og Fresvik. Vi meiner at beredskap og informasjon har fungert godt gjennom driftskontrakten og felles byggherrevakt i samarbeid med Statens vegvesen.

## Status

Skredet har gjort stor skade på stikkrenne, vegdekke, rekkverk og mur. Vi er no i gang med å prosjektere fullverdige reparasjonar. Arbeidet med permanente reparasjonar vil starte så snart arbeidet er prosjektert, og vi har fått avklart om dette kan utførast av vår driftsoperatør eller må lysast ut på anbod.

## Økonomiske konsekvensar

Det midlertidige tiltaket for å opna vegen ved Juvik har kosta om lag 200.000 kr eks. mva.

Statens vegvesen har stipulert kostnaden med permanent utbetring, med ein eventuell ny mur og ein eventuell kulvert, til ca. 6 - 7 mill.kr. eks. mva. Prosjekteringa vil gje eit meir nøyaktig kostnadsoverslag.

Oppryddinga ved skredoverbygg Jarva 1, er kostnadsrekna til om lag 800 000 kr eks. mva.

## **Skred ved Osa i Ulvik kommune**

Det gjekk eit skred på fv. 5374 Brakanes - Osa 5.12.2019. Vegen vart opna med midlertidig løysing 12.12.2019

## Beredskap

Beredskapen fungerte godt. Driftsentreprenør sperra vegen på begge sider av skredet, og dei som skal varslast vart varsla. Vi hadde god kontakt med ordføraren i Ulvik for etablering av båttransport til Osa forbi skredstaden. Det vart skilta i Ulvik at vegen var stengt til Osa. Vi hadde heile tida tett kontakt med Vegtrafikksentralen og Ulvik kommune om når vi såg føre oss at vegen kunne opnast forbi skredstaden.

## Status

Det har vore gjennomført synfaring med geolog og geoteknikar. Vegen har vorte rydda og skredmassar er køyrt bort. Det er greve ut på innsida av vegen i forbindelse med etablering av midlertidig veg. Det er etablert tung sikring forbi skredstaden mot sjøen.

Arbeidet med prosjektering for gjenoppbygging av vegen er starta. Det må byggast ein tørrmur frå sjøkant opp til veg i tillegg til gjenoppbygging av vegkropp som er forsvunne, dekkelegging og betongrekkverk.

Dette arbeidet ønskjer vi å samkøyre med eit skredsikringsprosjekt som Vestland fylkeskommune skal ha på staden. Plan for oppstart av dette er mai 2020. Vi samkøyrer arbeida for å gjere stengingstidene forbi skredstaden så kort som mogeleg. Dette vil og redusere kostnadene. På grunn av skredfare er det ikkje ønskjeleg at arbeidet vert gjort før til våren.

## Økonomiske konsekvensar

Vi har ikkje oversikt over kostnadene enno. Kostnader knytt til sjølve hendinga vil vi snart ha oversikt over. Kostnader til permanente reparasjonar vil vi ha eit godt overslag over når prosjekteringa er gjort.

## **SI 11/20 Spørsmål fra Bjørkly (H) - autopass**

**Silja Ekeland Bjørkly** har stilt slikt spørsmål:

Det har vært mye oppmerksomhet knyttet til innføring av autopass-system og autopass-regulativ den siste tiden. Da fylkesutvalget vedtok innføring av autopass-systemet ble det for utvalget opplyst at dette skulle medføre marginal økning i billettpris for bilister, fordi innkrevingskostnadene ville bli lavere enn datidens kostnader ved innkreving. I 2017 ble fylkesutvalget informert om at økningen i billettpriser ville ligge mellom 2 og 31 %. I denne forbindelse ble det ved flere anledninger det kommende året stilt spørsmål om det var anledning til å innføre passasjerbetaling innenfor autopass-systemet. Først i 2019 ble dette bekreftet, og et mindretall i fylkestinget i

Hordaland foreslo å innføre slik betaling. Fasiten ved etablering av autopass-regimet og -regulativet er en prisøkning på mellom 35 og 40 %, som må kunne sies å være betydelig mer enn marginal økning.

Spørsmål:

1. Hva er innkrevingskostnadene knyttet til autopass?
2. I hvilken grad har innkrevingskostnadene endret seg etter innføring av autopass?
3. Hva skyldes det at prisøkningen er vesentlig høyere enn tidligere antydte?
4. Dersom økningen i noen grad skyldes store investeringer i forbindelse med overgang til nytt system, er det forventet at innkrevingskostnadene vil bli redusert fremover?
5. Er det planlagt innføring av autopass i det tidligere Sogn og Fjordane?

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

1) Statens vegvesen har inngått avtale med ein nasjonal tenesteleverandør (Skyttel AS) som skal forvalte innkreving. Denne leverandøren har blant anna ansvaret for å utstede nye autoPASS-ferjekort til kundar, forvalte autoPASS-kundekontoar, handtere transaksjonar, samt handtere oppgjer mellom operatørselskapa. Våre kostnader knytt til Skyttel er estimert til om lag 3 - 4 MNOK pr år. Øvrige innkrevingskostnader er inkludert i dei ulike tilboda frå ferjeoperatøren (tilrettelegging av nødvendig billetteringsutstyr/brikkelesingsutstyr/skiltlesingsutstyr og -system samt drift og vedlikehald av systema).

2) I dei gamle ferjekontraktane i Hordaland låg ansvaret for billettering inkludert som del av godtgjeringa til operatør. Ved start av nye ferjekontraktar i Hordaland vart autoPASS-brikkelesing samt autoPASS-ferjeregulativet innført, også dette som del tilboda frå operatør. Sjå også svaret på spørsmålet over.

3) I «AutoPASS i fergedrifta - orientering til fylkeskommunene» (sjå vedlegg) viser Statens vegvesen til nytt autoPASS-regulativ. Ei av endingane i høve til Riksregulativet for ferjetakstar er nye takstar som tar høgde for bortfall av passasjerbetaling (påslag mellom 2-31%). Prisauken som er antyda stammar med andre ord fra berekningar gjort av Statens vegvesen. Det er viktig å understreke at dei samla trafikkinntektene skal vere - som ein forutsetning - nøytrale dersom ein samanliknar riksvegferjeregulativet og autoPASS-regulativet. Det betyr at samla sett vil ikkje fylkeskommunen få auka inntekter som følge av innføring av autoPASS-regulativet.

4) Innkrevingskostnadane er inkludert i forutsetningane i kontraktane og ligg fast i kontraktperioden.

5) På generelt grunnlag innfører Statens Vegvesen autoPASS samstundes med nye kontrakter, der intensjonen at autoPASS vert innført fortløpende ved nye ferjekontraktar. Det er ønskeleg at det er felles løysingar for billettering på ferje uavhengig om det sambanda er på riksveg eller fylkesveg. Om autoPASS for ferje og autoPASS-regulativet skal innførast for fylkesvegferjesambanda i Sogn og Fjordane vil det være fylkeskommunen som avgjer. Det er vanleg praksis å vedta slike endringar samstundes med fastsetting av kriterier i forkant av nye anbudsutlysningar.

## **SI 12/20 Spørsmål fra Merkesdal (A) - utvida tilbod på hurtigbåt**

Linda Merkesdal har stilt slikt spørsmål:

NORLEDs hurtigbåt passerer dagelig forbi Brattholmen (4 ganger i hver retning). Hurtigbåten er innom Flesland kai både til, og fra Bergen.

Det ville tatt få minutter ekstra å kjøre hurtigbåten innom Brattholmen kai. Kaien skal ikke ha behov noe oppjustering for å realisere dette. Et slikt tilbud, vil også kunne avlastet veinettet inn mot Bergen sentrum



Busser mellom Straume og Brattholmen er forholdsvis tilpasset i tid, det kan også være mulig å tilpasse evt anløpstider for hurtigbåter.

Hvilke muligheter er det for å få på plass et slikt type tilbud?

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

Skyss gjennomførte i 2019 ei utgreiing om mogleg båtsamband mellom Sotra og Bergen. Som del av utgreiinga er det vurdert mogleg stopp for eksisterande båtsamband som passerer Bratholmen; Sunnhordlandsruta og Hardangerfjordekspressen. Utgreiinga er lagt fram for utvalet for miljø og samferdsel i Hordaland i april 2019 (RS30/19). Viser ellers til RS-8/2020 til møte i SAMO 13.02.2020 om vidare handsaming av utgreiinga med høyringsuttalar frå kommunar og næringsliv.

## **SI 13/20 Spørsmål frå Ekrheim (SP) - manglande korrespondanse Etne-Voss**

**Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (SP)** har stilt slikt spørsmål.

Kvart år er det elevar frå Etne som vekependlar til Voss på ulike linjer på vidaregåande nivå. Etne vidaregåande blei nedlagt i 2017, naturbruklinjene blei nedlagde ein del år før dette.

Korrespondansen mellom bussane til/frå Etne -Voss via Odda er totalt fråverande på tidspunkt som er aktuelle for skuleelevar. Dette er også raskaste veg mellom Voss og Haugesund for andre reisande. Som døme er buss frå Odda til Seljestad vektstasjon og Haukeliekspressen, gått 15 minutt før bussen frå Voss kjem til Odda. Dette er siste bussen fredag kveld.

Ventetidene, om det i det heile går buss, er opp mot 2 timar. Dette medfører at foreldra må køyra til og frå Odda både fredag og søndag, tur-retur 144km.

Rute 801 korresponderar på kveld, kl 19.05 frå Etne, men den går ikkje søndag.

Rute 990 frå Voss kl 17.45, manglar berre få minutt på korrespondanse vestover. Kan bussen frå Voss gå t.d 5-10 minutt før? Bussen frå Odda til Seljestad er sett opp med 40 minutt rutetid, kan den kortast litt? Då hadde det lukkast å få korrespondanse.

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Generelt for planlegging av rutetilbodet og korrespondansar i Hardanger og Voss er det fleire omsyn som må i varetakast. Når det gjeld busstilbodet mellom Odda og Voss spesielt, så er dette knytt opp mot korrespondansar med tog på Voss, samt med lokale busslinjer for Eidfjord på Bu, for Ulvik i Granvin samt ferje Kvanndal-Utne. Tilbodet mellom Voss og Etne er i tillegg knytt opp mot kommersielle ruter, nærare bestemt Haukeliekspressen til/frå Haugesund og Oslo.

Fredag ettermiddag er det lagt opp til reisemoglegheit Voss-Etne via Kvanndal-Utne. Det går då buss linje 925 frå Voss kl 17:05 med korrespondanse til ferje Kvandal-Utne og buss Utne-Odda med ankomst Odda 19:15. Frå Odda går linje 862 kl 19:25 til Seljestad kl 19:50. Denne gir omstiging til Haukeliekspressen frå Seljestad kl 20:00 med ankomst Etne kl 20:50. Total reisetid er 3 t 45 min., og ventetid i samband med omstiging er 10 min.

Til det konkrete spørsmålet om avgangen Voss 17:45 med ankomst Odda 19:45, så er denne ruta uendra sidan august 2015. Dette er ei bussrute som er knytt til korrespondanser med tog frå Oslo og Bergen. Avgangstidene for Haukeliekspressen har derimot endra seg, som gjer at buss frå Odda er gitt endra avgangstid frå 19:40 til 19:25.

Søndag ettermiddag er reisemoglegheitene dårlegare, og ein får ventetid på Seljestad eller Odda på mellom ca. 1,5 og 2 timar på dei to aktuelle turane. Den totale reisetida vert såleis lang. Vi vil mot neste ruteendring vurdere justeringar med bakgrunn i behovet som er skildra. I denne vurderinga vil inngå at avgangen frå Etne er knytt opp til Kolumbus si rute frå Haugesund, og at behovet knytt til elevar frå Etne som går på Voss vil variere frå år til år.

# Politiske saker

## PS 7/20 Søknad om ruteløyve for strekningar i Ullensvang kommune

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Jan Kjetil Vikane, org.nr 938 626 367, om ruteløyve for strekningane Lofthus - Kinsarvik - Røte og Kinsarvik - Skjeggedal.
2. Fylkesutvalet set som vilkår for punkt 1 at alle passasjerar med rutene skal ha av- eller påstiging på Røte eller i Skjeggedal.
3. Fylkesutvalet set som vilkår for punkt 1 at ruta skal kunne nyttast av passasjerar i rullestol.
4. Fylkesutvalet oppmodar til at det vert nytta mest mogleg miljøvenleg materiell i rutedrifta av ruteløyvet i punkt 1.

### Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

#### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Jan Kjetil Vikane, org.nr 938 626 367, om ruteløyve for strekningane Lofthus - Kinsarvik - Røte og Kinsarvik - Skjeggedal.
2. Fylkesutvalet set som vilkår for punkt 1 at alle passasjerar med rutene skal ha av- eller påstiging på Røte eller i Skjeggedal.
3. Fylkesutvalet set som vilkår for punkt 1 at ruta skal kunne nyttast av passasjerar i rullestol.
4. Fylkesutvalet oppmodar til at det vert nytta mest mogleg miljøvenleg materiell i rutedrifta av ruteløyvet i punkt 1.

## PS 8/20 Fordeling av FTU-midlar for 2020

### Forslag til innstilling

Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjer vedtak om fordeling av FTU-midlane for 2020 i tråd med tilrådinga. For løyvinga til *trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring* vil det verta lagt fram eiga sak for hovudutvalet. FTU-midlane for 2020 vert fordelt slik:

Fordeling av FTU-midlar for 2020	
FTU-midlar, vedtatt ramme	16 376 000
Overført frå 2019 til ramma for fysiske trafikktryggingstiltak	404 000
<b>Samla til disposisjon</b>	<b>16 780 000</b>
Post	Sum
Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar	2 000 000
Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar	1 000 000
Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak	5 604 000
Trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring	5 000 000
Aktivitetsmidlar Trygg Trafikk	1 300 000
Prosjekt Hjertesone	500 000
Trafikktryggingssprisen	50 000

Kunnskap, kompetanse og kampanjar	350 000
Trafikksikker kommune	75 000
Russearrangement Grieghallen	150 000
Refleks	351 000
Diverse	100 000
Trygg Trafikk - driftskostnader (reise, kontorhald osv.)	300 000
<b>Totalsum</b>	<b>16 780 000</b>

### Saksprotokoll i 27.01.2020 - trafikktryggingutvalet

Knut Olav Nestås stilte spørsmål om han var inhabil då han er regionleiar i Trygg Trafikk. Utvalet vedtok samrøystes at Nestås var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd. Nestås trådte frå under behandlinga av saka.

#### Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet.

#### Innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet

Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjer vedtak om fordeling av FTU-midlane for 2020 i tråd med tilrådinga. For løyvinga til *trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring* vil det verta lagt fram eiga sak for hovudutvalet. FTU-midlane for 2020 vert fordelt slik:

Fordeling av FTU-midlar for 2020	
FTU-midlar, vedtatt ramme	16 376 000
Overført frå 2019 til ramma for fysiske trafikktryggingstiltak	404 000
<b>Samla til disposisjon</b>	<b>16 780 000</b>
Post	Sum
Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar	2 000 000
Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar	1 000 000
Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak	5 604 000
Trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring	5 000 000
Aktivitetsmidlar Trygg Trafikk	1 300 000
Prosjekt Hjertesone	500 000
Trafikktryggingssprisen	50 000
Kunnskap, kompetanse og kampanjar	350 000
Trafikksikker kommune	75 000
Russearrangement Grieghallen	150 000
Refleks	351 000
Diverse	100 000
Trygg Trafikk - driftskostnader (reise, kontorhald osv.)	300 000
<b>Totalsum</b>	<b>16 780 000</b>

### Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

#### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjer vedtak om fordeling av FTU-midlane for 2020 i tråd med tilrådinga. For løyvinga til *trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring* vil det verta lagt fram eiga sak for hovudutvalet. FTU-midlane for 2020 vert fordelt slik:

Fordeling av FTU-midlar for 2020	
FTU-midlar, vedtatt ramme	16 376 000
Overført frå 2019 til ramma for fysiske trafikktryggingstiltak	404 000
Samla til disposisjon	16 780 000
Post	Sum
Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar	2 000 000
Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar	1 000 000
Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak	5 604 000
Trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring	5 000 000
Aktivitetmidlar Trygg Trafikk	1 300 000
Prosjekt Hjertesone	500 000
Trafikktryggingssprisen	50 000
Kunnskap, kompetanse og kampanjar	350 000
Trafikksikker kommune	75 000
Russearrangement Grieghallen	150 000
Refleks	351 000
Diverse	100 000
Trygg Trafikk - driftskostnadar (reise, kontorhald osv.)	300 000
<b>Totalsum</b>	<b>16 780 000</b>

## PS 9/20 Nye retningslinjer for bompengeprojekt- Stadfesting av garantivedtak for Kvinnheradpakken og for ny Bømlopakke

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget stadfestar vedtak frå 11. desember 2018 om ein garanti på 191 mill. kr (2018-kroner) for bompengelån for Kvinnheradpakken.
2. Fylkestinget stadfestar vedtak frå 12. juni 2018 om ein garanti på 954 mill. kr. (2018-kroner) for bompengelån for revisjon av Bømlopakken
3. Fylkestinget meiner det er uheldig at det ikkje lenger er mogleg å sikre posisjonen til garantistillar ved å kunne auke gjennomsnittstakst og/eller å auke innkrevjingsperioden. Den auka risikoen kan føre til at ein må utsetje vegprosjekt til slutten av bompengeperioden, og med dette risikere mindre kostnadseffektiv utbygging.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

## **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (Frp og FNB).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (H, Frp og FNB).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget stadfestar vedtak frå 11. desember 2018 om ein garanti på 191 mill. kr (2018-kroner) for bompengelån for Kvinnheradpakken.
2. Fylkestinget stadfestar vedtak frå 12. juni 2018 om ein garanti på 954 mill. kr. (2018-kroner) for bompengelån for revisjon av Bømløpakken
3. Fylkestinget meiner det er uheldig at det ikkje lenger er mogleg å sikre posisjonen til garantistillar ved å kunne auke gjennomsnittstakst og/eller å auke innkrevjingsperioden. Den auka risikoen kan føre til at ein må utsetje vegprosjekt til slutten av bompengeperioden, og med dette risikere mindre kostnadseffektiv utbygging.

## **PS 10/20 Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum**

Forslag til innstilling

1. Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum vert ikkje imøtekomen.

### **Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet**

**Hanne Eva Husebø Kristensen (H)** sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum, vert imøtekomen.
2. Det vert sett som vilkår for løyvet at det ikkje skal utførast lokal transport.»

## **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H og Frp) for Kristensen sitt forslag, som fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum vert ikkje imøtekomen.

## **PS 11/20 Framlegg til skyssreglement for grunnskule og vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune**

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtar skyssreglement for elevar i grunnskulen og skyssreglement for elevar i den vidaregåande skule slik det går fram av saka. Reglementa skal gjelde frå og med skuleåret 2020/2021.

### **Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet**

**Frank Willy Djuvik (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Tre siste avsnitt i punkt 1.1 i skyssreglement for vidaregåande opplæring vert stroke, slik at og vidaregåande elevar i bergensområdet har rett til å søke på gratis skuleskyss.»

**Trude Brosvik (KrF)** sette på vegner av KrF, A, Sp, MDG og SV fram slikt forslag:

«Tillegg:

SAMO ber om ei sak på kva konsekvensar det vil få dersom ein opnar for å bruke skjøn for lang veg i km og/eller tid og trafikkfarleg veg.

Ein ber også om ei tilbakemelding på kor mange stader ein er råka av lengre skuleveg enn det som er tilrådd tid. Og ei oversikt over tal klagesaker og om dei blir tatt til følgje.

Vi ber om utgreiing på følgjande punkt i same sak: Tre siste avsnitt i punkt 1.1 i skyssreglement for vidaregåande opplæring vert stroke, slik at og vidaregåande elevar i bergensområdet har rett til å søke på gratis skuleskyss.»

### **Avrøysting**

Djuvik sitt forslag fekk 3 røyster (Frp og FNB) og fall.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet vedtar skyssreglement for elevar i grunnskulen og skyssreglement for elevar i den vidaregåande skule slik det går fram av saka. Reglementa skal gjelde frå og med skuleåret 2020/2021.

SAMO ber om ei sak på kva konsekvensar det vil få dersom ein opnar for å bruke skjøn for lang veg i km og/eller tid og trafikkfarleg veg.

Ein ber også om ei tilbakemelding på kor mange stader ein er råka av lengre skuleveg enn det som er tilrådd tid. Og ei oversikt over tal klagesaker og om dei blir tatt til følgje.

Vi ber om utgreiing på følgjande punkt i same sak: Tre siste avsnitt i punkt 1.1 i skyssreglement for vidaregåande opplæring vert stroke, slik at og vidaregåande elevar i bergensområdet har rett til å søke på gratis skuleskyss.

## **PS 12/20 Oppfølging av regjeringa sitt bompengeforlik**

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget sluttar seg til framlegg til reduksjon av bompengetakstar i ytre bomring, innanfor rammene av 55 mill. kroner årleg.
2. Fylkestinget sluttar seg til framlegg til takstreduksjon for kollektivreisande med periodebillett. Framlegget til takstreduksjon gjeld for takstområde for buss og bybane i Hordaland, innanfor rammene av 50 mill. kroner årleg.
3. Fylkestinget sluttar seg til framlegg til prosjektlister for avtaleperioden.

### **Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet**

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1:

Fylkestinget ønskjer at dei 55 millionar årleg som er sett av til reduksjon av bompengebelastninga i Bergen skal kome barnefamiljar til gode. Utviding av timesregelen frå 1 til 3 timer, som vil bidra til at fleire kan delta i fritidsaktivitetar utan dobbelbelastning, skal vurderast. Fylkestinget viser til at staten gjennom brev til bystyret i Bergen av 14.11.2019 er positiv til ei utviding av timesregelen.»

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, Sp, MDG og KrF fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Fylkestinget ber om ei sak der ulike former for takstreduksjon på dagens kollektivpriser vert belyst, til dømes kostnadane knytt til innføring av 40% rabatt for studentar på einskildbillett, samt kostnadar ved å gjere det gratis å ta med barn under 12 år på vaksenbillett i veka.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp og FNB) for Bjørkly sitt forslag, som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (Frp og FNB).

Hammer sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget sluttar seg til framlegg til reduksjon av bompengetakstar i ytre bomring, innanfor rammene av 55 mill. kroner årleg.

2. Fylkestinget sluttar seg til framlegg til takstreduksjon for kollektivreisande med periodebillett. Framlegget til takstreduksjon gjeld for takstområde for buss og bybane i Hordaland, innanfor rammene av 50 mill. kroner årleg.

3. Fylkestinget sluttar seg til framlegg til prosjektliste for avtaleperioden.

4. Fylkestinget ber om ei sak der ulike former for takstreduksjon på dagens kollektivpriser vert belyst, til dømes kostnadane knytt til innføring av 40% rabatt for studentar på einskildbillett, samt kostnadar ved å gjere det gratis å ta med barn under 12 år på vaksenbillett i veka.

## **PS 13/20 Konsekvensar av å fjerne bom på sideveg for E39 Svegatjørn-Rådal og Rv555 Sotrasambandet - Uttale**

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune viser til uttale frå fylkesutvalet i Hordaland i september 2019 om bom på sideveg. Etter fylkesutvalet si meining viser Statens Vegvesen si utgreiing at det vil gje store negative samfunnsøkonomiske konsekvensar ved å ikkje etablere bom på sidevegane for desse sambanda. Fylkesutvalet i Vestland stadfester difor tidlegare vedtak i Hordaland fylkeskommune den 19. september 2019 om bom på sideveg, og vil ikkje gje tilslutnad til å greie ut å ikkje innføre bom på sideveg for rv. 555 Sotrasambandet og E39 Svegatjørn - Rådal.

### **Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet**

**Hanne Eva Husebø Kristensen (H)** sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Fylkesutvalet i Vestland gjer tilslutnad til å greie ut å ikkje innføre bom på sideveger for E39 Svegatjørn-Rådal.»

**Frank Willy Djuvik (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Fylkesutvalet i Vestland gjer tilslutnad til å greie ut å ikkje innføre bom på sidevegar for 555 Sotrasambandet.»

## Avrøysting

Det var 13 medlemmer til stades.

Kristensen sitt forslag fekk 4 røyster (H, Frp og FNB) og fall.

Djuvik sitt forslag fekk 2 røyster (Frp og FNB) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (H, Frp og FNB).

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune viser til uttale frå fylkesutvalet i Hordaland i september 2019 om bom på sideveg. Etter fylkesutvalet si meining viser Statens Vegvesen si utgreiing at det vil gje store negative samfunnsøkonomiske konsekvensar ved å ikkje etablere bom på sidevegane for desse sambanda. Fylkesutvalet i Vestland stadfester difor tidlegare vedtak i Hordaland fylkeskommune den 19. september 2019 om bom på sideveg, og vil ikkje gje tilslutnad til å greie ut å ikkje innføre bom på sideveg for rv. 555 Sotrasambandet og E39 Sveгатjørn - Rådal.

## PS 14/20 Overføring av kontraktsansvar for flyruter i Sør-Norge

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ser fram til å ta over kontraktsansvar for flyruter på kortbanenettet i Vestland. Flyrutene er viktige for utviklinga i Vestland.
2. Vestland fylkeskommune ønsker ikkje å ta over ansvaret for kontraktane før 1.1.2021, men vil ønske å tre inn i ansvaret ein gong i perioden 1.1.2021 - 31.3.2024. Røynsle med drift av avtalen vil vere viktig grunnlag for neste avtale, og overtaking bør skje gjennom dialog og forhandling med Samferdselsdepartementet.
3. Vestland fylkeskommune ber om at Kommunal- og moderniseringsdepartementet utarbeider og offentleggjer ny kostnadsnøkkel i inntektssystemet seinast 1.1.2021
4. Vestland fylkeskommune går i dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune for å avklare samarbeid om neste anbudsutlysing av flyruter på kortbanenettet.

## Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

**Arve Helle (A)** sette på vegner av A, Sp, MDG, KrF og SV fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1:

Vestland fylkeskommune vil ikkje ta over kontraktsansvar for eksisterande kontraktar på flyruter på kortbanenettet i perioden 01.04.2020 - 31.03.2024.

Alternativ punkt 2:

Flyrutene er viktig for utviklinga i Vestland. Overtaking av dette ansvaret bør skje gjennom førebuing og utlysing av neste anbudsrunde.»

## Avrøysting

Det var 12 medlemmer til stades.

Helle sitt forslag punkt 1 og 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (H) for fylkesrådmannen sitt forslag, som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 og 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune vil ikkje ta over kontraktsansvar for eksisterande kontraktar på flyruter på kortbanenettet i perioden 01.04.2020 - 31.03.2024.
2. Flyrutene er viktig for utviklinga i Vestland. Overtaking av dette ansvaret bør skje gjennom førebuing og utlysing av neste anbudsrunde.



3. Vestland fylkeskommune ber om at Kommunal- og moderniseringsdepartementet utarbeider og offentliggjør ny kostnadsnøkkel i inntektssystemet seinast 1.1.2021

4. Vestland fylkeskommune går i dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune for å avklare samarbeid om neste anbudsutlysning av flyruter på kortbanenettet.